

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Meland kommune

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2184 - 19/5470

Saksbehandlar:
Grethe Elin Mjelde
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:
21.02.2019

ESPIRA MARTHAHAUGEN BARNEHAGE- TILSYNSRAPPORT 2019

Den 20.02.19 gjennomførte Miljøretta helsevern eit tilsyn etter «Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.» i Espira Marthahaugen barnehage. Internkontrollsystemet, inne- og uteareal vart inspisert. Leikeplassutstyr vert kontrollert av sertifisert person tilsett i Espira.

Styrrar Elisabeth Thorland møtte frå verksemda og teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde møtte frå miljøretta helsevern.

➤ **Heimel**

Folkehelseloven, kap. 3 og Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. samt helsedirektoratets rettleiar til forskrifta "Miljø og helse i barnehagen" (IS-2072).

➤ **Historikk**

Espira Marthahaugen barnehage vart godkjent etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.» 26.02.07.

Miljøretta helsevern har utført tilsyn etter forskrifta i 2010 og 2014.

➤ **Tilsyn**

Espira Marthahaugen barnehage består av 4 avdelingar, og har eit netto leike- og opphaldsareal på 425 m². Arealet er godkjend for 106 barn over 3 år.

Tal barn i barnehagen justerast i høve til alderssamansetjinga i barnegruppa og godkjent areal.

§ 9 i rettleiaren til forskrifta ("Miljø og helse i barnehagen») har sett norm for inneareal. Rettleiande arealnормer tilseier eit areal på 4 m² for barn over 3 år og 5,3 m² for barn under 3 år. Uteområdet bør vere ca. 6 gongar større enn inneareal (24 m² for barn over 3 år og 33 m² for barn under 3 år).

I 2019 er det 82 barn i barnehagen, der 52 barn er over 3 år og 30 barn er under 3 år. Til denne barnegruppa treng barnehagen 367 m² netto leike- og opphaldsareal.

Espira Marthahaugen barnehage har tilfredsstillande leike- og opphaldsareal.

Uteleikearealet; Barnehagen har ca. 2700 m² inngjerda leikeareal ute. Dagens barnegruppe treng ca. 2240 m². Barnehagen har tilfredsstillande uteareal.

Avvik/merknad:

Definisjonar:

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsett i lov eller forskrift med heimel i lov.

Merknad: Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

Det vart ved tilsynet avdekkja 2 avvik og 0 merknadar.

- **Avvik 1: Barnehagen manglar oppdatert vedlikehaldsplan**

Avvik frå §§ 6, 7 og 13; Godkjenning, Generelle krav og Rengjøring og vedlikehold

Følgjande observasjon ligg til grunn for avviket:

Barnehagen kan ikkje vise til ein oppdatert vedlikehaldsplan.

Vedlikehaldsplan skal sikre at teknisk og funksjonell standard vert oppretthaldt for heile bygningsmassen.

Kommentar:

Barnehagen må utarbeide ein vedlikehaldsplan for bygningsmassen.

Vedlikehaldsplan må beskrive innvendig og utvendig vedlikehald. Denne bør vere eit styringsdokument for kartlegging av vedlikehaldsbehov med påfølgjande kostnader på kort og lang sikt.

På synfaringa vart det bl.a. observert utvendig kledning som har råteskadar og slitte trappar inne.

- **Avvik 2: Ute, Sandbasseng manglar tilfredsstillande drenering**

Avvik frå §§ 9 og 14; Utforming og innredning og Sikkerhet og helsemessig beredskap

Følgjande observasjon ligg til grunn for merknaaden:

Sandbasseng har dårleg drenering. Området sig og det vert store/djupe vassansamlingar ved nedbør.

Kommentar:

For at barnehagen skal kunne ta i vare tryggleiken til barna ved nedbør (fare for vassansamling), må sandbasseng ha tilstrekkeleg drenering.

➤ **Tilbakemelding på tilsynsrapport**

På tilsynet var det avdekka 2 avvik og 0 merknadar.

Frist for tilbakemelding på lukking av avvik er satt til 01.04.19.

Vi ber verksemda om ei skriftleg stadfesting på at avvik er retta innan fristen. Skulle det ikkje la seg gjere å rette avvik innan fristen, ber vi om ei tilbakemelding om årsak og ein tidfesta handlingsplan for når avvik vil vere retta.

Tilbakemelding sendast til **mjge@lindas.kommune.no**, eller **Lindås kommune ved Miljøretta helsevern, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø**

Med helsing

Tord Moltumyr
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Link:

Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-barnehagen/Sider/default.aspx>

Kopi til:

Martin W Kulild
Meland kommune
Mette M. Træland